

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 14.09.2023
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseth og Asle Kjølraug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per august 2023**

Arkivsak

2023/944

Styresak 050/2023

Styremøte 21.09.2023

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per august 2023 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet for august syner eit negativt resultat på -7,3 millionar kroner, som er nær 9 millionar bak budsjett. Lågare aktivitet enn budsjettert, høgare lønskostnader, samt høge medikamentkostnader er hovudforklaringane.

Aktiviteten i somatikken i august var lågare enn venta, med størst negativt avvik knytt til H-resept, gjestepasientar og nokre avdelingar i kirurgisk klinikk. Etter julitala hadde administrerende direktør venta høgare inntekter frå etterkoding i august enn det som faktisk vart tilfelle. I perioden er det ein auke i tal dagkirugi/dagbehandlingar og polikliniske konsultasjonar i somatikken, men ein nedgang i sjukehusopphald samanlikna med fjoråret. Dette er ei ønska utvikling, men administrerende direktør erkjenner at det er krevjande å endre ressursbruk i tilsvarende grad. Hittil i år syner tala at aktiviteten samla sett er lågare enn budsjettert.

Aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne følgjer plan, men også her med nokre færre heildøgnsopphald enn budsjettert. Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er det lågare aktiviteten enn planlagt, og dette gjeld også for psykisk helsevern for barn og unge. Når det gjelder psykisk helse vern barn og unge, så ser ein på tiltak som kan auke aktiviteten. Tilgang på fagpersonell vert f.t. opplevd som krevjande.

Det er nytta meir midlar til løn- og personalkostnader enn budsjettert i august, og det er ei negativ utvikling samanlikna med juli månad. Det er meirforbruk knytt til overtid, vikarar, UTA og andre tillegg. Administrerende direktør vurderer at ein stor del av kostnaden knytt til sommaravviklinga mest truleg har blitt bokført i august. Foreløpig analyse syner at vi i sommarmånadane i år likevel har brukt mindre midlar på ekstra tillegg enn vi gjorde i 2022. Vi ser og at tal overtidstimar er lågare etter årets sommaravvikling samanlikna med fjoråret. Sjølv om evalueringa av drifta i sommar ikkje er ferdig, er administrerende direktør fornøyd med at resultatet av analysen tyder på at vi har oppnådd nokre av dei måla vi sette oss før vi gjekk inn i sommarmånadane.

Til no i år er resultatet 20,2 millionar bak budsjett. Administrerende direktør er uroa over at styringsfarten er høgare enn dei økonomiske rammevilkåra. Prognosen for året er uforandra, jf. signal i styremøtet i juni, med eit avvik på 50 millionar bak budsjett. Administrerende direktør har derfor auka fokuset på vedtekne og nye tiltak for å tilpasse drifta til rammevilkåra. Dette vil medføre krevjande prioriteringar framover og særskild inn mot budsjettet for 2024. Avvik frå budsjetta i drifta vil få negative konsekvensar for investeringsevna til Helse Førde.

Indikatorane for tilgjengelegheit viser også i august teikn til den forventta forverringa skapt av sommarferien. Både innan somatikk og psykisk helsevern for barn og unge er det auke i ventetid for både ventande og pasientar som har starta behandling sidan førre månad. Det er i begge tilfelle også auke i ventetid samanlikna med same tid i fjor (årets mål i styringsdokumentet). Administrerende direktør registrerer framleis også ein aukande trend knytt til fristbrot (356 nye i august), og desse er fordelte på fleire fagområde. Totalsituasjonen innan begge fagområda er utfordrande. Administrerende direktør vil i styremøtet orientere om vurderingar og moglege tiltak knytt til ventetider, fristbrot og totaløkø. Innan psykisk helsevern (PHV) og TSB er indikatorane for tilgjengelegheit framleis under langtidsmålet.

Det er tertialrapportering på fleire indikatorar i styringsdokumentet denne månaden. Desse vil også bli orienterte om i styremøtet.


Sjukefråværet vart i juli 7,2 prosent. Det har vore ei positiv utvikling gjennom 2023 fram til sommaren, men fråværet i juli var noko høgare enn føregåande månader.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:



- Somatikk: 94 dagar ved utgangen av august (85 i juli). 81 i august i fjor. Altså + 13 frå i fjor.
- PHV: 32 dagar ved utgangen av august (27 i juli). 42 i august i fjor. Altså - 10 frå i fjor.
- PBU: 64 dagar ved utgangen av august (53 i juli). 42 i august i fjor. Altså + 22 frå i fjor.
- TSB (rus): 16 dagar ved utgangen av august (17 i juli). 13 i august i fjor. Altså + 3 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i august, var:

- Somatikk: 79 hittil i år (77 dagar i august) – måltal er 50. 73 hittil i fjor. Altså + 6 frå i fjor.
- PHV: 32 hittil i år (32 dagar i august) – måltal er 40. 34 hittil i fjor. Altså - 2 frå i fjor.
- PBU: 53 hittil i år (70 dagar i august) – måltal er 35. 52 hittil i fjor. Altså + 1 frå i fjor.
- TSB (rus): 24 hittil i år (30 dagar i august) – måltal er 30. 31 hittil i fjor. Altså - 7 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 223 fristbrot på behandla pasientar i august svarande til 12,6 prosent av behandla i august (13,4 prosent i juli). Gjennomsnitt for Helse Vest er 10,6 prosent.
- Førebels registrert 356 nye fristbrot i august, svarande til 13,1 prosent av alle med frist i august (12,5 prosent i juli).



Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)

- Førebels 81 prosent for første time (68 prosent i juli). Gjennomsnitt for Helse Vest er 84 prosent.
- Førebels fikk 63 prosent oppfølgingstime innen 24 timer (59 prosent i juli). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 64 prosent.


Foreløpige tall

	2019	2022	2023 hittil	aug.23
HELSE BERGEN HF	80 %	76 %	79 %	83 %
HELSE FONNA HF	74 %	72 %	74 %	85 %
HELSE STAVANGER HF	84 %	81 %	77 %	84 %
HELSE FØRDE HF	75 %	60 %	66 %	81 %
KIRURGISK KLINIKK	71 %	56 %	60 %	71 %
MEDISINSK KLINIKK	76 %	63 %	72 %	92 %
PSYKISK HELSEVERN	88 %	82 %	78 %	78 %

Del ikkje møtt

Denne er høgare enn normalt med 2,9 prosent (3,0 prosent i juli). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,6 prosent.

Utvikling andel ikkje-møtt



Epikrisetider (august-tal)

Innan ein dag (mål 70 prosent)

- Somatikk: 84 prosent denne månaden. Hittil i år 76 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern: 75 prosent denne månaden. Hittil i år 44 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB (rus): 63 prosent denne månaden. Hittil i år 67 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan sju dagar (mål 100 prosent):


- Somatikk: 94 prosent denne månaden. Hittil i år 91 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern: 100 prosent denne månaden. Hittil i år 88 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB (rus): 96 prosent denne månaden. Hittil i år 93 prosent (90 prosent i heile 2022).

Korridorpasientar

14 korridorpasientar, svarande til 0,2 prosent av innlagte (0,3 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,5 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

8 døgn i august, svarande til 0,2 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,7 prosent.



Stryking av planlagde operasjonar

Det var 10 strykingar av totalt 453 planlagde operasjonar svarande til 2,2 prosent (0,5 prosent i juli).

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 602	1 707	-104	1 620	-18	13 672	13 910	-238	13 333	339
DRG-poeng poliklinikk, A	419	408	11	430	-12	3 534	3 490	44	3 404	130
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	81	150	-69	119	-38	1 539	1 641	-102	1 546	-7
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	86	101	-15	93	-6	490	485	5	510	-20
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 188	2 366	-178	2 262	-74	19 235	19 526	-291	18 792	443
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	107	124	-17	174	-67	968	1 083	-115	1 018	-50
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 295	2 490	-195	2 436	-41	20 203	20 609	-406	19 810	393
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 188	1 137	51	1 177	11	9 776	9 770	6	9 673	103
Tal sjukehusopphald	1 390	1 493	-103	1 427	-37	11 343	12 070	-727	11 468	-125
Tal polikliniske konsultasjonar	9 710	9 543	167	9 858	-148	81 534	80 270	1 264	78 650	2 884

DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,622	0,649	-0,027	0,622	-0,001	0,647	0,637	0,010	0,631	0,017
Poliklinikk	0,043	0,043	0,000	0,044	-0,001	0,043	0,043	-0,000	0,043	0,000


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var 7,5 prosent lågare enn budsjett (-178 poeng) i perioden, og 3,3 prosent lågare enn tilsvarende periode i fjor (-74 poeng). Aktiviteten i perioden er 1,0 prosent over budsjett målt i samla tal behandlingar. Det er 1,4 prosent lågare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er lågare enn budsjettet (-291 poeng), men 2,9 prosent høgare enn akkumulerte tal i fjor (+443 poeng). Samla er aktiviteten 0,5 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, noko som er 2,9 prosent over tilsvarende periode i fjor.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	362	360	2	357	5	3 101	3 081	20	2 950	151
Tal heildøgnsopphald	1 477	1 543	-66	1 498	-21	11 411	12 578	-1 167	11 854	-443
Tal utskrivne pasientar	93	86	7	61	32	602	696	-94	622	-20
Polikliniske kons. m/refusjon	1 927	1 892	35	1 963	-36	16 002	16 172	-170	16 226	-224
Rus										
DRG poeng	39	41	-2	32	7	296	321	-25	295	1
Tal heildøgnsopphald	490	703	-213	527	-37	4 960	5 051	-91	4 118	842
Tal utskrivne pasientar	21	23	-2	24	-3	182	178	4	138	44
Polikliniske kons. m/refusjon	155	210	-55	211	-56	1 264	1 657	-393	1 644	-380
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	334	403	-69	334	0	3 386	3 918	-532	3 224	162
Tal heildøgnsopphald UPH	40	42	-2	73	-33	675	811	-136	826	-151
Tal utskrivne pasientar UPH	2	7	-5	12	-10	62	74	-12	79	-17
Polikliniske kons. m/refusjon	993	1 341	-348	1 199	-206	10 000	13 034	-3 034	11 593	-1 593

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i høve plan for perioden. Akkumulert ligg vi om lag som i fjor for poliklinikk og har nokre færre liggedøgn.

Innan TSB er aktiviteten lågare enn plan for perioden. Akkumulert har vi vesentleg høgare aktivitet innan døgnopphald enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn plan og i fjor. Akkumulert ligg vi 13,5 prosent bak på poliklinikk.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ ISF inntekter	47 214	50 728	-3 514	418 866	428 621	-9 756	647 294
☒ Gjestepasient inntekter	3 144	2 884	260	22 664	22 036	628	33 067
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	13 938	14 466	-527	109 262	110 872	-1 610	173 290
☐ Pasientrelatert inntekt	64 296	68 078	-3 782	550 792	561 530	-10 738	853 651
☒ Basistilskudd	223 544	221 155	2 389	1 666 060	1 664 886	1 174	2 586 842
☒ Andre inntekter	4 806	5 809	-1 003	42 248	46 605	-4 356	71 632
☐ Sum Driftsinntekter	292 647	295 042	-2 395	2 259 100	2 273 020	-13 920	3 512 125
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-42 748	-39 675	-3 073	-335 521	-326 503	-9 018	-508 667
☒ Lønn- og personalkostnader	-209 854	-201 988	-7 866	-1 546 295	-1 511 474	-34 822	-2 334 824
☒ Øvrige kostnader	-38 830	-41 705	2 875	-319 432	-341 737	22 306	-528 644
☒ Av- og Nedskrivning	-8 064	-8 423	360	-64 273	-67 317	3 044	-101 000
☐ Sum Driftskostnad	-299 497	-291 792	-7 705	-2 265 520	-2 247 030	-18 490	-3 473 135
☐ Driftsresultat	-6 850	3 250	-10 100	-6 420	25 990	-32 410	38 990
☒ Sum Finans	-476	-1 584	1 108	-456	-12 657	12 201	-18 990
☐ Totalresultat	-7 326	1 667	-8 992	-6 876	13 333	-20 209	20 000

Perioden

Resultatet i august er -7,3 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på -9,0 millionar kroner, då Helse Førde har oppjustert sitt resultatmål til 20 millionar kroner for 2023.

Aktiviteten innan somatikken var i perioden under budsjett, og samla er det eit negativt avvik knytt til ISF-inntekter, inkludert H-resept, på -3,5 millionar kroner. Det er negativt avvik knytt til andre inntekter. Dette knytter seg mellom anna til at HFD ikkje har inntektsført midlar til utvida tilbod på Tronvik, då tilbodet ikkje har starta opp enno. Det er eit positivt avvik knytt til inntektsføring av øyremerka midlar til dekking av ekstra arbeidsgjevaravgift. Samla er inntektene i perioden 2,4 millionar kroner lågare enn budsjettet.

Det er eit meirforbruk på varekostnader, der meirforbruk knytt til medikamentkostnader varer ved også denne perioden. Vidare er det i august eit meirforbruk knytt til H-resept, samt andre forbruksvarer og matkostnader og medisinsk heimebehandling. Det er mindreforbruk knytt til gjestepasientkostnader. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettet, hovudsakleg grunna avsetjingar i budsjett, samt lågare straumkostnader enn venta. Det er meirforbruk knytt til pasienttransport i perioden på -1,1 millionar kroner.

Løns- og personalkostnader er i perioden 7,9 millionar over budsjett. Dette er eit høgare meirforbruk enn venta, då lønnsområdet vart styrka gjennom tildelingane Helse Førde fekk i revidert nasjonalbudsjett. Rekneskaperen syner at sommaravviklinga har medført høgare overtidskostnader i august enn føregåande månader i 2023, samt eit meirforbruk knytt til vikarbruk. Det er også høgare kostnader knytt til UTA og andre tillegg enn budsjettet. Lønsrefusjonar var i perioden noko lågare enn budsjettet.

Akkumulert

Resultat hittil i år er -6,9 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på -20,2 millionar kroner.

Driftsinntektene er samla -13,9 millionar kroner bak budsjett. Negativt avvik knytt til ISF-inntekter utgjer -9,8 millionar kroner av dette. Inntekter frå sjølvbetalande pasientar er hittil i år 4,7 millionar kroner høgare enn budsjett, medan poliklinikk og eigenandelar er -7,1 millionar kroner lågare enn budsjettet. Det er positive avvik knytt til gjestepasientinntekter og øyremerka midlar, medan andre inntekter har negativt avvik.


Samla lønsutgifter er 34,8 millionar kroner høgare enn budsjettet per august. Styrking av budsjettet gjennom revidert nasjonalbudsjett vil i all hovudsak dekke opp for eit lønnsoppgjær over budsjett. Vedvarande meirforbruk knytt til overtid, vikarbruk, innleige og andre tillegg er krevjande. Utviklinga i august er negativ, og det vil krevje ytterlegare tiltak å snu denne trenden.

Det er meirforbruk knytt til varekostnader, der medikamentkostnader utgjør ein stor del. Dette knyter seg i stor grad til kreftmedikament, men er også noko knytt til H-resept, medisinsk heimebehandling og nevrologi. Per august er det eit mindreforbruk knytt til øvrige kostnader. Det er eit overforbruk på pasienttransport, men lågare straumkostnader enn budsjettert og avsetjingar knytt til øvrige kostnader i budsjettet bidreg til dette. Samla er driftsutgiftene 18,5 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er positivt budsjettavvik knytt til både renteutgifter og avskrivningar per august.

Likviditet


Ved utgangen av august hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med -349,2 millionar kroner. Skattetrekksmidlar vert haldne utanfor i den summeringa, samla 111,2 millionar kroner er sett av til skattetrekk per 31.august. Det er i løpet av månaden utbetalt samla 273 millionar kroner til KLP i pensjonspremie og reguleringspremie. Det er hovudårsaka til den negative utviklinga denne månaden.

Føretaket si disponible trekkramme på driftskreditten er 551,5 millionar kroner, noko som skal auke til 666,5 millionar kroner. Driftskredittramma skal hovudsakleg dekke pensjonsforpliktingar. Det er lagt til grunn opptrekk på byggelån knytt til Nye Førde sjukehus på samla 213 millionar kroner gjennom 2023, medan det er budsjettert med samla utbetalingar til investeringar på 631,2 millionar kroner. Dette gjev stort press på likviditeten gjennom året, og Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten for å ha disponibelt likvide midlar.



MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla sjukefråvær i juli var 7,2 prosent. Det har vore ei positiv utvikling gjennom 2023 fram til sommaren, men fråværet i juli var noko høgare enn føregåande månader. Det er særskild langtidssjukefråværet som har auka, medan korttidssjukefråværet hel fram på eit lågt nivå.

